Det har ikkje vore lett å halde kontakt med alle dei frivillige medarbeidarane våre heile dette året, og me er veldig nøgd med gjennomføringa av medarbeidarsamlinga i juni der Sidsel blei takka av som leiar og nye leiar blei tatt varmt imot. Me har prøvd å oppdatere frivillige via e-post og sms, på nettsidene og Facebook og me er svært glad for tolmodet som vert vist oss.

## Innskyttarlag

Stiftinga Grannehjelpa hadde  
31 innskyttarlag i 2020:

Ungdomslaget Samhald  
Kvam Idrettsråd  
Kvam Høyrsefallag  
Kvam Revmatikarlag  
Kvam Senioruniversitet  
Kvam herad  
LHL Kvam  
NFU Kvam Lokallag  
FFO Kvam  
Lions Club Norheimsund  
Norheimsund Indremisjon  
Norheimsund Kvite Band  
Norheimsund Pensjonistlag  
Øystese Pensjonistlag  
Oma Kvinne- og familielag  
Strandebarm Kvinne- og familielag  
Ålvik Kvinne- og familielag  
Øystese Kvinne- og familielag  
Vikøy Sokneråd  
Ålvik Røde Kors Besøksteneste  
Øystese Røde Kors  
Øystese Sanitetslag  
Fykse Sanitetslag  
Ålvik Sanitetslag  
Buspareklubben  
Lions Club Strandebarm  
Kvam Soge- og kulturminnelag  
Ålvik Pensjonistlag  
Arbeidstakarorganisasjonane  
Strandebarm Pensjonistlag

## AKTIVITET

Grannehjelpa er ein av 467 frivilligsentralar i Noreg. Sentralen vert drifta i tråd med eigne vedtekter og har som føremål å styrkja den frivillige innsatsen i Kvam, og å stimulera grupper

og einskildpersonar til å delta i frivillig arbeid gjennom å driva frivilligsentral. Strategiplan for 2022-2023 er under utarbeiding og vil gje føringar for tiltak og aktivitet i kommande periode.



Grannehjelpa har ikkje høg deltaking som einaste målsetjing. Fokus ligg på å leggja til rette for gode møte mellom menneske. Deltaking i aktivitet er difor ikkje systematisk registrert. Alle var lykkelege når Noreg opna opp og me klarte å gjennomføre Kvammaveko som planlagt. Mange born nytta seg av tilboda Ung Fritid gjennom året. Me har i noko grad under smittetrygge forhold organisert 1:1 hjelp som følgjeteneste, turven, leksehjelp, handlehjelp og datahjelp. Det har i 2021 vore sett i gang nye prosjekt og tiltak, og andre, som t.d. språktreff har delvis vore gjennomført digitalt.

Dei regelmessige aktivitetar på eldreinstusjonar i Strandebarm, Norheimsund og Øystese, som vert gjennomført i samarbeid med einskilde frivillige og med lokale frivillige lag og organisasjonar fekk me starta opp igjen hausten 2021.

### Digital møteplassar

Tilsette i Grannehjelpa har nytta digitale møterom i fleire år, men pandemien gjorde at me i 2020 flytta aktivitetar ut på denne arenaen. Me abonnerer på ein business versjon med 10 møterom med inntil 50 brukarar i kvart rom. I

tillegg til interne møter og egne aktivitetar, har møteromma vore brukt av andre frivillige lag og organisasjonar. Det er utarbeidd instruksar for bruk, og me har hjelpt mange både med å komme seg inn i møterom, og forklare korleis det heile verkar. Det er fortsatt folk innom for å få 1:1 opplæring på kontoret og via telefon.

*Tematreff i Torefjell*

## KVA TRENG MENNESKE MED DEMENS? MED MARIT ROGDE OG BEATE GAUDEN

**TORS DAG 18. NOVEMBER  
KL. 18:00  
PÅ INTERNETT**

Ein med demens er framleis fyrst og fremst eit menneske, med behov for glede og samvær – og hjelp. Bli med på vår uformelle samtale frå eit pårørandeperspektiv.

Passar både for dei som berre har lyst å læra meir, dei som er nær menneske med demens, og dei som jobbar med menneske med demens.

Samtale mellom Marit Rogde (leiar i Demensforeninga i Kvam) og Beate Gauden (nestleiar i Demensforeninga i Kvam).

Det vert sjølvsagt også høve til å stilla egne spørsmål.

Som alltid, kan du vera med frå eiga støve. Du kan finna lenkje til rommet på [www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no) under saka «Bli med på tematreff!» eller du kan gå rett til nettadressa: <https://grannehjelpa.whereby.com/torefjell>

Grannehjelpa FRIVILLIG Nordangert 13 2021 Kvam berad Hjelpetaleid




Facebook fekk og ei utvida rolle i 2020, og gruppa «Møteplassen Grannehjelpa» vart raskt etablert. Me hadde behov for ei uformell stad å møtast når kontoret måtte stengjast for publikum. Gruppa har vore meir og mindre i aktiv bruk gjennom året 2021, men spesielt i periodar når lokale myndigheiter har frarådd organisert aktivitet har «møteplassen» vore viktig. Me er takksame for alle som har bidrege med bilete, tankar og andre «underholdningsinnslag» der.

## Samfunn og miljø

### KvammaVEKO

«Veko» er ei markering av Verdsdagen for psykisk helse, og vart planlagt gjennomført for 8. gong.

Tema i 2021 var «Livet under og etter pandemien». Arbeidsgruppa var dette året samansett av representantar frå Grannehjelpa, Kvam herad og Mental Helse Kvam, ein god «miks» mellom frivillige og tilsette.



Planlegginga blei utfordrande med ny dagleg leiar i Grannehjelpa rett før gjennomføring. Men takka vera erfarne og engasjerte medlemmer i arbeidsgruppa, blei veko ein stor suksess. Alle 7 programpostane blei gjennomført for fornøgde deltakarar.



Gratisprinsippet er viktig for oss som arrangør; økonomi skal ikkje vera eit hinder for deltaking. Me rettar difor ein stor takk til alle som sponsa «veko» gjennom å kjøpe annonsar og gje tilskot. Tusen takk!

### Eldsjelprisen 2021

Eldsjelprisen 2021 skulle delast ut under Stiftinga Grannehjelpa si Jubileumsmiddag på FN sin internasjonale dag for frivillig arbeid, 5. desember. Eit lokalt smitteutbrot sat dessverre


ein stoppar for arrangementet. Jubileumsarrangementet blei utsett og vil arrangerast våren 2022. Då vil prisen for 2022 delast ut. Prisen vert gitt til ein initiativrik person, lokal organisasjon eller gruppe som har gjort ein bemerkelsesverdig innsats for lokalsamfunnet. Det kom inn 10 nominasjonen innan fristen.

## Strøsand

Dei to Lions-klubbane i Norheimsund og Strandebarm køyrde ut strøsand til eldre og uføre. Grannehjelpa har bidrege med «ordremottak og vidareformidling». Dette er eit langvarig samarbeid som me set stor pris på.

## Plukkposen

«Plukkposen» er ein bosspose som kan gjenbrukas. Posane har vert delt ut gjennom 2021.



Målet er å motivere dei som er ute å går tur, til å ha med seg ei plukkpose og dermed bidra til eit reinare nærmiljø. Den er enkel å ha med seg; Ein kan feste den på buksa, på beremeisen eller ein kan bera den som sekk på ryggen. Me håpar dette skal gjera det både enkelt å morosamt å halde lokalsamfunna vårt reint for boss. Takk til Hardangerstiftinga som gjorde til at me kunne gje vekk posane gratis.

Mange fortel at de nyttar han kvar gong dei er på tur, og det gjer dei en god kjensle å bidra til eit reinare lokalmiljø.

## ReDesign

Etter eit opphald på over eitt år, kunne endeleg ReDesign starta opp att i andre halvdel av 2021. Den andre tysdagen i kvar månad kan alle som er interessert i å «laga noko nytt av noko gammalt» møta opp i Gamleskulen på Norheim, og vera kreativ i sosialt lag. Aktiviteten har alltid hatt deltakarar i ulike aldersgrupper, og har hatt ein trufast tilhengjarskare dei siste åra.

Den frivillige som i si tid tok initiativ til å starta tilbodet, er framleis den som organiserer og har ansvar.

## Barn og unge

### Ung fritid i Kvam

Born og unge i alderen 11-18 år fekk tilbod om gratis aktivitetar i sommarferien og i haustferien.

Det kom eit lokalt Korona-utbrot i forbindelse med vinterferien. Den planlagde aktiviteten blei dessverre prega. Det blei gjennomført aktivitetar over 5 veker i sommarferien. Det blei ein stor suksess. Haustferien blei gjennomført som planlagt.



Tiltaket er eit samarbeid mellom Kvam herad, Grannehjelpa og lokale frivillige organisasjonar. Ein EKSTRA takk til alle dei einskilde frivillige som stilte opp.

### Gatefeiring - ungjobb

I sommarhalvåret administrerer Grannehjelpa

ungdom til gatefeiring i Norheimsund frå mai til oktober. Dette har me gjort i ei årrekke. I 2021 delte 7 ungdomar i alderen 13-16 på oppgåva. Tiltaket er initiert og finansiert av Norheimsund Næringslag.

## Vaksne og seniorar

### GrannelAG

Grannehjelpa har i fleire år samarbeida med Thon Hotel Sandven om å arrangera middagstreff for seniorar éin gong i månaden. Til ein snill pris, får gjestene middag, dessert og kaffi, servert i hotellrestauranten. Vanlegvis, tek middagane stad den siste onsdagen i kvar måned, med opphald i juli, august og desember.

I 2021 fekk me, grunna korona, ein nokså sein start i mars. Av same grunn, vart middagen i april avlyst. Treffa i mai og juni gjekk som normalt.




Etter sommaren, fekk me dessverre ikkje starta opp att. Hotellet var utan kokk, og det vart difor vanskeleg å arrangera. Heldigvis, hadde me middagstreff i form av prosjektet *Velkomne med æra*. Fleire av dei som nyttar seg av Grannelag-tilbodet, nytta seg difor av desse middagstreffa i staden. Me har hatt eit godt samarbeid med Thon Hotel Sandven, og vonar dette vil halda fram også til neste år.

### Velkomne med Æra

Grannehjelpa fekk midlar frå Helsedirektoratet i 2021 for å arrangera middagar for seniorar. Seniorgruppa var fullvaksinerte og

Helsedirektoratet og Grannehjelpa ønsket å visa at det var trygt å møtast igjen.



Middagane har vært arrangert på ulike stader over heile kommunen, med mat frå lokale leverandørar og med underhaldning av ulik art kvar gong.

Sjølv om dei første middagane måtte gjennomførast med strenge smitteverntreglar har oppmøtet vært formidabelt og mange har fått nytte seg av tilbodet.



Kjekt å sjå at folk frå den eine ytterkanten av kommunen vår kom heilt til den andre ytterkanten for å gå på middag.

Dette er eit prosjekt som har samla bygdene våre.

To middagar i slutten av året blei avlyst på grunn av smitteutbrot i kommunen. Me har fått overført midlar til 2022 for å gjennomføra desse.

## Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen



Grannehjelpa koordinerte tre turgrupper: Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen. Kvar gruppe har egne frivillige turleiarar som kvar veke, i all slags vêr, tek med seg turglade vaksne ut på tur i nær heile kommunen. Trim og mosjon er viktig, men det sosiale aspektet er minst like viktig. Kvam turlag er god samarbeidspartnar her, og bidreg mellom anna med midlar til annonsering i avisa og kjøp av naudsynt utstyr. I 2021 har turgruppene fått gå som vanleg, og til saman har dei gjennomført ... turar.



Med stønad frå Kvam turlag, vart det i oktober arrangert ein fellestur med tema Ole Bull til Osterøy.

## Høyrsehjelpe

HLF Kvam sine likepersonar har også dette året haldt fram med å gje gratis høyrsehjelp til alle som treng det. Grunna koronasituasjonen, vart det oppstart fyrst i februar – då med kontortid éi

gong i månaden i staden for to. Frå og med mai var tilbodet tilbake i si sedvanlege rute den fyrste og tredje torsdagen i månaden.

Kvam Høyrselag har framleis lageret sitt hos Grannehjelpa, og det er såleis mogleg å kjøpa batteri og anna utstyr i opningstida. Laget har også Grannehjelpa som fast møtelokale for si interne møteverksemd.

## Tematreff i Torefjell

Tematreff, eller tematreff i Torefjell, er eit tilbod sosiale og interaktive aktivitetar som tek stad på internett kvar torsdag. Treffa kan vera kulturarrangement, føredrag og kurs, eller matlaging, trening og sosialt samkome. Tema varierer frå gong til gong.

**OM ENDRINGAR I ARVELOV  
OG FRAMTIDSFULLMAKT  
MED GUNNAR SKEIE**

**TORS DAG 11. NOVEMBER**  
KL. 18:00  
PÅ INTERNETT



Korleis ser arvelova ut i 2021, og korleis fungerer eigentleg ei framtidfullmakt? Og kvifor er det så viktig å vita om desse tinga? Bli med på tematreff, og få ei innføring i dette viktige temaet! Gunnar Skeie losar oss gjennom eit føredrag som tek for seg lovgjevinga, kvifor det er så viktig å «handla i tide», og kva utfordringar som kan oppstå ved til dømes demens. Det vert sjølsagt høve til å stilla egne spørsmål etter føredraget.

Som alltid, kan du vera med frå elga stove. Du kan finna lenkje til rommet på [www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no) under saka «Bli med på tematreff!» eller du kan gå rett til nettadressa: <https://grannehjelpa.whereby.com/torefjell>

Grannehjelpa 
Hardangerfylketeko 
Folkeakademiet

I 2021 gjekk tematreff frå å vera eit prosjekt til å verta ein fast aktivitet. Midlane frå Helsedirektoratet var brukt opp, men aktiviteten fekk vidare økonomisk stønad frå Folkeakademiet. Det vart oppretta ein programkomité, som møttest ein gong i månaden

for å planleggja program og gjennomføring av sending.

*Tematreff i Torefjell*

## FRÅ HÅVAMÅL TIL ROSEMALTE SELFIES

**DIKT I 1000 ÅR — MED RANDI JÅSTAD  
OG RAGNA HELENE SOLDAL**

**TORS DAG 4. FEBRUAR  
KL. 18:00  
PÅ INTERNETT**



Bli med **Randi** og **Ragna Helene** på ei reise i dikt, som strekk seg over eitt tusen år! Her vert det både høgtlesing og synging av dikt, litt tolking, og god samtale.

**Som alltid, kan du vera med frå eiga stove.  
Gå inn på denne nettadressa for å vera med:  
<https://grannehjelpa.whereby.com/torefjell>**

Grannehjelpa FRIVILLIG  HandangerVokstsko  Kvam Herad  Polkenakademiet

Programma har med anna omfatta litteratur og lyrikk, samtalar med både ordførar og varaordførar, og føredrag om arvelov og framtidssfullmakt. Me har også halde fram med serien *Kor vart da tå deg?*, der me har hatt gjester som Siv Fossåskaret, Arnhild Litlere og Arne Øystese. Plattformen har dessutan vorte brukt til å lata lokale føretak og lag, samt kommunen, koma i kontakt med «folk flest». Demensforeininga i Kvam har fått presentera seg sjølve og opplysa om sjukdomen demens. Kvam herad har nytta tematreff til å få viktige innspel til eldrereforma *Leve hele livet*, samt til å informera om tilboda innan velferdsteknologi.

I tillegg til tematreff kvar veke, hadde me i fyrste halvdel av 2021 også vekentlege høgtlesingar på internett. Kvar torsdag morgon las biblioteksjef Ragna Helene Soldal frå ei ny bok, medan tilhøyrarane kunne ta seg ei roleg stund med ein kopp kaffi. Dei som deltok på desse treffa var svært trufaste, og gav tilbakemelding om at dei

ofte gjekk på biblioteket for å låna dei aktuelle bøkene etterpå.

## Eldre på institusjon

Grannehjelpa koordinerer aktivitetar på eldreinstitusjonar i heile kommunen. Tiltaka vert gjennomført i tett samarbeid med ulike lag og organisasjonar, tilsette på institusjonane og einskilde frivillige. Vi har jamleg møte med dei frivillige og leiarane for institusjonane.



Grannehjelpa arrangerer månadlege planleggingsmøte med frivillige. mange av dei frivillige deltar på ein eller fleire av aktivitetar. Kvam har mange flotte frivillige som gjer av si eiga fritid til å gleda andre.

Det har vore svært lite aktivitet på institusjonane våren og sommaren dette året grunna pandemien. Når det vart opna opp att ut på hausten fekk me i gang nokon av dei aktivitetane som hadde vore tidlegare. Det var veldig kjekt! Aktivitetane fekk ein ny stopp i slutten av november, grunna ny smittebølge og nye restriksjonar.

Aktivitetar som har blitt gjennomført hausten 2021 på Strandebarmsheimen, Mikkjelsflaten, Tolo omsorg, Toloheimen RE/BE og Toloheimen gr. 3 Vest og Firkløveren: Kaffikos, kafè, julefest, handlevogn, songandakt, trim for heimebuande med påfølgande middag, stovegjest, bingo,

songkveld/stund, velvære på stova, blometur til Berge Gartneri, karalag og pianokonsertar.

## Integrering og inkludering

### Språktreff

Språktreff er ein møtestad for alle som ynskjer å øva på norsk språk, og alle som ynskjer å vera ein samtalepartnar for desse. Ein trufast gjeng frivillige byter på å ha ansvaret, og førebur eit tema for kvar gong. Tilbodet er ope kvar tysdag på biblioteket i Norheimsund.



Grunna koronasituasjonen, måtte Språktreff halda fram på internett i fyrste halvdel av 2021. Oppmøtet på nett var varierande, men relativt lågt samanlikna med dei fysiske treffa. Dette, trass i at me brukte ein del tid på opplæring, og at opplegget fungerte godt.



I andre halvdel av 2021, fekk me starta opp att på biblioteket. Me bestemte oss for å ta arrangøransvaret sjølv dette haustsemesteret, og

inkorporera meir aktivitet i Språktreffa. I løpet av hausten har minst éin tilsett vore til stades kvar tysdag, og lagt til rette for ymse aktivitetar. Me har til dømes lese i aviser, hatt filmframsyning og quiz, og spela brettspel. Det var tydeleg at det å møtast fysisk har vore eit stort sakn, for deltakartalet har teke seg noko opp og halde seg stabilt.

### Bygdemødre

11 kvinner som kjem frå Thailand, Litauen, Eritrea, Somalia, Kongo og Syria utgjer gruppa Bygdemødre.

Prosjektet er ein del av ein paraplyorganisasjon som heiter Bydelsmødre. Dei har aktivitet i fleire bydelar i Oslo og i kommunane Grong, Levanger og Kvam.

Frå nettsida til Bydelsmødre: «Bydelsmødrene er frivillige kvinner, primært med etnisk minoritetsbakgrunn, som går gjennom et opplæringsprogram om tema som foreldreskap, arbeid og helse. Opplæringen koordineres av bydelen/kommunen, i tett samarbeid med Bydelsmødre Norge. Sammen med det offentlige jobber frivillige bydelsmødre med å løse lokale utfordringer, ved å bygge bro mellom kvinner og tjenesteapparatet.»



I 2020 starta pilotprosjektet «Bydelsmødre går til Bygda». Det blei gjennomført kurs gjennom heile 2020 saman med kommunane Grong, Levanger og Drammen. Kurset for bygdemødre går gjennom 4 fasar, dei to første fasane blei ferdig gjennomført i 2020.

Seint på våren 2021 fortsette kurset med fase 3. Den blei fullført hausten 2021 og dei fleste bygdemødrene var med på avslutnings tur til Steinkjær samen med bygdemødre frå andre kommunar. Dei fekk utdelt diplom for fullført kurs, og helsingar frå ordføraren i Kvam herad.

Dette året har me hatt 2 festsamlingar:

- Første samling var oppstart på Thon hotell -der Korona formidlings prosjektet blei presentert (vert presentert s. 12)
- I sommar gjennomført me vi ein samling på Gamleskulen der me fekk smaka mat frå dei 11 kvinnes heimland. Bygdemødrene hadde moglegheit til å invitera med seg ei veninne. (bilder ligger inne på BM 2021)

Det blei gjennomført 5 arbeidsmøte i haust der bygdemødrene fekk opplæring i å drive ein foreining, eigarskap, leing og administrasjon. Målet med opplæringa var at bygdemødrene i Kvam skulle starta sin eigen organisasjon. Foreningen Bydelsmor Kvam blir stifta på nyåret 2022(fase 4). Det gler dei seg til.




Bygdemødrene har også vore engasjert i å omsetja informasjon frå Kommunen gjennom 2021.

### Koronaformidlingsprosjektet

I 2021 fekk Grannehjelpa tilskot frå IMDI til informasjonstiltak om korona til innvandrar befolkninga. Me har hatt fleire aktivitetar i 2021 som har vært ein del av prosjektet.



Koronavaksinasjon har vært eit tema på alle arbeidsmøta. Imdi omsett all informasjon frå FHI og regjering på ulike språk og sender ut. Denne informasjonen er blitt delt på Bygdemødrene si eiga Facebook side. Dei har også vidareformidla informasjonen på facebooksidar som dei deler med sine landsmenn i Noreg. Det har vært særskilt viktig å dele opplysningar om vaksinasjon.



Ei av bygdemødrene kom med i ideen til å ta kontakt med Vaksenopplæringa i Kvam for å presentere vaksinasjonsprogrammet. Dette blei eit flott tiltak for å spreia viktig informasjon. Me trykte opp FHI sin enkle brosjyre om vaksinen på 15 ulike språk. I samarbeid med rektor på Vaksenopplæringa fekk me besøka 5 ulike klasser. Vi hadde med oss to helsesjukepleiare i Kvam, som detaljert fortalde om vaksine, biverknader og korleis ein kunne melda seg for å få vaksinen. Grannehjelpa, sammen med helsepersonell, tilbød seg og å hjelpe dersom man trengte hjelp

og veiledning for å melde seg på elektronisk. Helsesjukepleiarane svara på spørsmål og me hadde gode tolkar som omsatte ved behov.


## MARKNADSFØRING



Grannehjelpa nyttar fleire gratiskanalar til marknadsføring: Facebook, lagsportalen til Kvam herad, [www.frivillig.no](http://www.frivillig.no), e-post og oppslag. I tillegg vert det annonsert i lokalavisa når økonomien tilet det. Lystavlene i vindaugo gjev auka merksemd kring aktivitetane, og me registrerer at mange stoppar opp og les plakatan. Ein frivillig hengt opp plakatar på plakataklar i Norheimsund området. Gjennom året har det vore fleire artiklar i Hordaland Folkeblad, og me set pris på det gode samarbeidet med lokalavisa.

## ØKONOMI

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisst bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Stiftinga Grannehjelpa hadde i 2021 grunnfinansiering frå Kvam herad.



Sentralen fekk i 2021 eit underskot på kr 58 000,-. Det vart budsjettert med eit underskot på kr 198 600,-. Styret meiner føresetnaden for å halda fram med drifta er til stades.

Dagleg leiar fører Grannehjelpa sin rekneskap i Vekstra Hardanger og Voss AS sitt system Duett. Vekstra står for lønnsutbetaling og utrekning av offentlege avgifter. Hardanger Revisjon AS reviderer rekneskapen.

Grannehjelpa har ikkje eigne midlar til aktivitet, me må søkja tilskot for å få gjennomført tiltak og arrangement. Me har søkt og fått økonomisk stønad frå fleire lokale frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv. Me har òg fått stønad hos Sparebanken Vest, Hardangerstiftinga, Hordaland Fylkeskommune, Gjensidigestiftinga, Helsedirektoratet, IMDI og Kvam herad til konkrete prosjekt. Me takkar kvar og ein for viktige bidrag!



Resultatrekneskap 2021 og  
budsjett 2022

ÅRSREKNESKAP 2021		
Resultatsammendrag	2021	2020
Salgsinntekter	74 920	37 828
Tilskot	1 945 927	1 738 710
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 020 847</b>	<b>1 776 538</b>
Lønnskostnader	1 174 780	943 218
Andre driftskostnader	906 803	611 996
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 081 583</b>	<b>1 555 214</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-60 736</b>	<b>221 324</b>
Annen renteinntekt	2 343	5 420
<b>Årsresultat</b>	<b>-58 393</b>	<b>226 744</b>
Overføringer		
Avsatt til annen egenkapital	0	226 744
Overført fra annen egenkapital	58 393	
<b>Sum overføringer</b>	<b>-58 393</b>	
<b>Balansesammendrag</b>		
<b>EIENDELER</b>		
<b>Omløpsmidler</b>		
<i>Fordringer</i>		
Andre fordringer	38 290	31 837
<b>Sum fordringer</b>	<b>38 290</b>	<b>31 837</b>
<i>Investeringer</i>		
Odin rentefond	28 012	28 012
Bankinnskudd, kontanter	1 351 166	1 188 486
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>1 417 468</b>	<b>1 248 335</b>
<b>Sum eiendeler</b>	<b>1 417 468</b>	<b>1 248 335</b>
<b>Balanse</b>		
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
Stiftingskapital	12 000	12 000
Annen egenkapital	787 100	845 492
<b>Sum egenkapital</b>	<b>799 100</b>	<b>857 492</b>
<b>GJELD</b>		
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Leverandørgjeld	70 695	15 889
Skyldig offentlige avgifter	77 957	74 662
Annen kortsiktig gjeld	469 717	300 292
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>618 369</b>	<b>390 843</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>1 417 468</b>	<b>1 248 335</b>

	Budsjett 2022	Rekneskap	Budsjett
	Vedteke 10.03.2022	2 021	2 022
<b>Salg- og driftsinntekter</b>			
3100 Salgsinntekt diverse		55 320	15 000
3110 Refusjon MVA		124 417	125 000
3410 Driftsinntekt Kvam Herad		1 240 000	1 240 000
3415 Tilskot diverse		56 949	50 000
3430 Tilskot øyemerke		509 261	200 000
3431 Gåver		15 300	20 000
3620 Annen leieinntekt		19 600	40 000
<b>SUM SALG- OG DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>2 023 847</b>	<b>1 690 000</b>
<b>Lønnskostnad</b>			
Lønn til ansatte		1 154 780	1 160 000
inkludert sosiale kostnader			
og forsikring			
Avsatt til lokale forhandlinger		20 000	20 000
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>		<b>1 174 780</b>	<b>1 180 000</b>
<b>Driftskostnader</b>			
4300 Innkjøp varer, videresalg		4 675	
6300 Husleje		130 800	130 800
6340 Lys og varme		102 042	90 000
6360 Reinhold kontor		20 464	20 000
6390 Div kostnader kontor		512	1 000
6490 Driftsutgifter gamleskolen		12 547	5 000
6540 Inventar og utstyr		258	10 000
6551 Datautstyr		27 468	8 000
6553 Programvare, årlig vedlikehold		48 474	18 000
6620 Reparasjon og vedlikehold		2 633	4 000
6701 Revisjonshonorar		19 125	20 000
6705 Rekneskaphonorar		29 159	18 000
6800 Kontorrekvisita		5 995	12 000
6820 Trykksak		20 819	3 000
6840 Aviser, tidskrift, bøker o.l.		1 440	2 500
6860 Møte, drift aktivitet		49 868	80 000
6870 Kurs, konferanse		2 100	10 000
6890 Arrangement i regi av Grannehjelpa		288 277	125 000
6900 Telefon		27 761	20 000
6940 Porto		1 104	1 000
7100 Bilgodtgjelse, oppgavepliktig		1 358	6 000
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig		5 448	2 000
7320 Annonsering og marknadsføring		65 793	40 000
7410 Kontingent		4 000	4 000
7420 Gåver, fradragserettiget		7 465	8 000
7500 Forsikringspremie		20 898	11 000
7700 Annen kostnad		941	
7740 Øredifferanse ved avst.		7	
7770 bank- og kortgebyr		4 965	4 000
7790 Annen kostnad		1 705	
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>		<b>906 805</b>	<b>653 300</b>
8050 Renteinntekt			200
8051 Annen finansinntekt		2 343	5 000
8070			
<b>SUM FINANSINNTekt</b>		<b>2 343</b>	<b>5 200</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>2 023 190</b>	<b>1 695 200</b>
<b>Sum kostnader</b>		<b>2 081 585</b>	<b>1 833 300</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>- 58 395</b>	<b>- 138 100</b>



# Grannehjelpa

Du finn oss i Sandvenvegen 1B i Norheimsund

På nettsidene våre [www.grannehjelpa.no](http://www.grannehjelpa.no) finn du mellom anna informasjon om alle aktivitetane våre. Her kan du og melde deg som frivillige.

Og, sjølvsagt er me på Facebook 😊

Kom gjerne innom oss i Grove for ein prat, eller ring eller sende epost.

Telefon 901 22 688 | 913 66 184 | 480 72 456

Epost [post@grannehjelpa.no](mailto:post@grannehjelpa.no)

**Lyst å invitera nokon på kaffi? Gå ein tur?**

**No når «koronaen» gjer seg? Me har gratis gåvekort som du gjerne må komme innom å hente og gje til nokon**

**du har lyst å vera i lag med**

PS! Når du går tur, ta gjerne med deg bosset du finn i plukkposen, som er gratis.



*Linn Hilde Bjørns*

## Møte mellom menneske